
Fra: Alexander Helle
Sendt: tirsdag 3. juli 2018 16.21
Til: 'Skulstad Marianne'
Emne: Notat: Utforming av kryss og lokalveg i områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy
Vedlegg: LOKALVEI NOTAT.pdf; VEDLEGG A.pdf; VEDLEGG B.pdf; VEDLEGG C.pdf

Hei

Viser til referat frå møte 05.04.2018 mellom Statens Vegvesen og Meland kommune. I møtet var det semje om at det skulle produserast eit notat med skisser for framtidige vegløyningar for planområdet Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Dette vert no sendt dykk for vurdering.

Notatet har tre deler:

1. Teknisk notat utarbeid av vegingeniør Terje Vikestrand, Plan Vest
2. Planfagleg drøfting av kryssutforming, forfatta av Opus Bergen og 3RW arkitekter i dialog med Meland kommune og Vest Land Eigedom AS
3. Planfagleg drøfting av lokalvegsalternativ

Det er også tre vedlegg til notatet:

- A. Utdybende diagrammer og beskrivelser av vurderte kryssløsningar, samt foreløpige tekniske teiningar av kryssløsningar.
- B. Foreløpige teiningar av lokalvei mellom kollektivknutepunkt på Flatøy og Knarvik.
- C. Kort redegjørelse av kryssløsningar som er vurdert i tidlige planfaser.

Kort oppsummert konkluderer den planfaglege drøftinga med at eit konsentrert kryss på E39 mellom Midtmarka og Rotemyra er mest i samsvar med områdeplanens ambisjonar og statlege/regionale føringer, og at sykkelveg med fortau bør leggjast på austsida av ny lokalveg for å få god trafikksikring samt god kopling til tilgrensande tilbod til gåande og syklande. For å få til ei god kopling til G/S veg i sør har me skissert ei løysning med kulvert under 564 Flatøyvegen. Denne går utover dagens plangrense og overlappar med Reguleringsplan for Flatøy kollektivknutepunkt og innfartsparkering.

Meland kommune forventar at områdeplanen er ferdig frå konsulent si hand tidleg i haust. Me vonar at den gode dialogen med Statens Vegvesen held fram, og om ynskjeleg stiller me sjølvst i møte for å drøfte prinsippa i skissene.

Beste helsing

Alexander Helle | Arkitekt/planleggjar

E-post: alexander.helle@meland.kommune.no | **Telefon:** +47 56 17 11 74 | +47 93 83 28 58

Sentralbord: +47 56 17 10 00 | **Heimeside:** www.meland.kommune.no

